

Årsmelding 2024



Frå Digital Festival 2024

Styret dette året har vore:

Knut Johan Mikkelsen	leiar	(vald for 1 år)
Aslaug Vårdal Igelkjøn	nestleiar/ skrivar	(vald for 2 år)
Kurt Grønli	forretningsfører/ kasserar	(vald for 1 år)

Varamedlem til styret:

Torleif Håland	varamedlem	(vald for 1 år)
----------------	------------	-----------------

Andre verv:

Jan Gunnar Løland	revisor
-------------------	---------

Valnemnd i perioden har vore:

Ester Skei Klausen	leiar	(vald for 1 år i 2024)
Oddny Rosenlid	medlem	(vald for 2 år i 2023)
Magni Grimeland	medlem	(vald for 2 år i 2024)
Magnus Kapstad	varamedlem	(vald for 1 år i 2024)

Aktive medlemmer.

Talet på medlemmer i Seniornett Førde er nokolunde stabilt. 31.12.2024 var det registrert 105 medlemmer mot 110 i 2023. Ved slutten av 2024 hadde vi 47 aktive kursmedlemmer.

Årsmøte.

Seniornett Førde hadde årsmøte 14. mars 2024 på Musikkrommet i Førdehuset. Etter møtet vart det servert kaffi og kaker, sidan det ikkje vart nokon juleavslutning i 2023.

Styrearbeid og aktivitetar.

I 2024 har vi hatt tre styremøte der vi har handsama 15 saker Styret har elles vore samla til to arbeidsmøte. Vi har elles hatt kontakt på e-post og telefon. Referat frå styremøta er lagt ut på nettsida til Seniornett Førde. Instruktørane: Egil Nestande og Monrad Kolstad (torsdagar), Arne Sandnes og Knut Johan Mikkelsen (fredagar) har hatt eigne planleggingsmøte om kursinnhald/vår – og haustprogram for dei ulike gruppene.

Ein representant frå alle Seniornett-foreiningane i Region Vest vart invitert til regionmøte i Bergen 3. mai 2024 kl 10.00-16.00. Styret valde leiar som utsending frå Seniornett Førde.

Digital Festival 2024.

Digital Festival er eit samarbeidsprosjekt mellom Seniornett Førde, Førde bibliotek og Førde Friskliv og Frivillegsenter. Digital festival vart arrangert torsdag 19.september 2024 i Førdehuset. Hovedtema var «Kunstig intelligens».

57 deltakarar møtte på Digital Festival. Det er rekorddeltaking for dette arrangementet. Vår leiar gav oss ein grundig gjennomgang og innføring om KI- kunstig intelligens. Jorun Systad orienterte klårt og visuelt om digitalt bibliotek, og Catrine Vagstad gav oss ny og nyttig informasjon om DigiHelse, ei teneste som er i utvikling også i Sunnfjord kommune. I pausen blei det servert svært gode rundstykke med valfri drikke til.

VO- og prosjektmidlar.

For heile året har vi rapportert inn 97 timar VO—kurs med 201 deltakarar. Vi er registrerte som grasrotmottakarar hos Norsk Tipping. Gjennom momskompensasjonsordninga får vi tilbakeført mva.

Torsdagsgruppene

Vi melde inn og sende rapport for 5 kurs i vårsemesteret med i alt 43 deltakarar. I haustsemesteret gjennomførte vi 4 kurs med 25 deltakarar.

Fredagsgruppene

Vi melde inn og sende rapport for 6 kurs i vårsemesteret med i alt 62 deltakarar. I haustsemesteret gjennomførte vi 6 kurs med 71 deltakarar.

Økonomi.

Foreininga har ein trygg økonomi.

Våren 2024 var det omorganiseringa av kafédrifta på Førdehuset. Då tok medlemmene sjølv med noko å bite i. Kaffi blei kjøpt og trekt av Monrad Kolstad.

Styret innførte ei ny ordning for betaling av kaffipengar. Frammøte vert registrert av instruktørane kvar kursdag. Kasserar tel opp kor mange frammøte kvar kursdeltakar har, og reknar så ut summen, kr.40,- pr kursdag, som kvar einskilt skal betale pr. halvår. Kursdeltakarane får så tilsendt krav på desse pengane etter kursslutt kvart halvår. Dette har fungert godt. Seniornett Førde sponsa kaffiserveringa med kr. 10. pr kursdeltakar hausten 2024.

Foreininga har oppsparte midlar. Styret fann at ein kunne spandere gratis servering til alle medlemmene på juleavslutninga i 2024.

Datastove Sunnfjord.

I 2024 gjennomførte Datastove Førde 4 kurs, der 10 deltakarar fullførte.

Datastove Sunnfjord var eit samarbeidsprosjekt Mellom Seniornett Førde og Førde Pensjonistlag. Kjell Sandnes frå pensjonistlaget var leiar, medan Bjørg Ladehaug var vår representant og har fungert som kursleiar. Bjørg annonserte kursa, tok imot påmeldingar og administrerte kursleiarane. Pensjonistlaget dekte annonsering og kaffimat.

Datastove-prosjektet vart avslutta 31.12.2024.

Instruktørar og hjelparar.

Gjennom året har Arne Sandnes og Knut Johan Mikkelsen vore faste instruktørar for fredagsgruppene saman med Monrad Kolstad. Egil Nestande og Monrad Kolstad har instruert på torsdagsgruppene saman med Kurt Grønli innimellom. I tillegg har Marloes Vos, Bjørg Ladehaug, Borgny Slagstad og Kurt Grønli vore medhjelparar på opplæringa av medlemmene.

Instruksjon.

29.februar 2024 informerte Jorunn Systad alle gruppene om kunstig intelligens

Årsmøtet i 2024 gav styret i oppgåve å utarbeide aktivitetsplanar. Då dei fleste medlemmene ville halde fram som før delegerte styret denne oppgåva til instruktørane, som i samarbeid har utforma aktivitetsplanane. Nytt denne hausten var to fellesdagar for alle kursa. Dette var torsdag 31. oktober og fredag 22. november.

22.oktober heldt leiar foredrag om KI i Seniornett Gloppen.

Torsdag 31. okt. kl.10.00- 12.00- heldt leiar foredrag om ulike programvarer. Det var høve til å stille spørsmål.

Fredag 22. november kl. 09.00 – 11.00 var Per Magne Hervik frå Sparebanken Sogn og Fjordane forelesar. Tema var: «Sikkerheit på nett,- sett frå banken si side»

Programvare.

Det er ein fordel at alle kursdeltakarane har same program på eigen PC. I tillegg til Windows tilrår instruktørane at alle installerer og brukar Office- pakken med e- programmet Outlook. Windows 11, den nyaste versjonen av Windows, har dei fleste kursdeltakarane installert på sin PC. Fleire av kursdeltakarane har kjøpt seg nye PCar, då Windows 11 ikkje kan lastast ned på eldre typar.

Kurslokale.

I vårsemesteret 2024 vart Musikkrommet i Førdehuset nytta som kurslokale. Hausten 2024 flytta vi ned i kjellaren i Førdehuset. Dette har fungert heilt greitt.

Sosiale samlingar.

Det sosiale og det å samlast og snakke saman er ein viktig del av datakurser. Ei kursøkt har alltid kaffipause med svele midtvegs. Nytt lokale i kjellaren på Førdehuset med godt pauserom gjer pausen triveleg, og ein unngår støy frå andre brukarar.

Vårsemesteret 2024 vart avslutta med fellessamling for alle gruppene under årsmøtet med servering av mat og kaffi/te.

Til juleavslutninga for 2024 vart Festsalen i Førdehuset tinga. 48 av medlemmene møtte. Då vart det servert kaldtbord, kaker og kaffi/te. Der var allsong, litt underhaldning, quiz, og tid til ein prat kring borda.

Sluttord.

Det har vore eit innhaldsrikt år også dette året på Seniornett Førde. Kursdeltakarane er opptekne av å halde seg oppdaterte og følgje med på det som skjer i den digitale verda. Det har vore spennande å få enkle døme på korleis ein kan nytte KI t.d. i kvardagen. Elles er det alltid nyttig å fokusere på «oppdydding» på PC-en, og få hjelp til problem som oppstår heime og som kan vere vanskelege å finne ut av sjølve. Repetisjon av tidlegare instruksjonar må ofte til, og ein kan ikkje få fullrost instruktørane nok for det tolmodet dei viser i opplæringa.

Så stor takk til instruktørane våre. Kursdeltakarane er avhengig av hjelpsemda deira.

Leiar har til tider vore indisponert på grunn av sjukdom. Derfor har det falle meirarbeid på dei andre styremedlemmene. Stor takk til vara, Torleif Håland, som har stilt opp på alle styremøte, og teke på seg arbeidsoppgåver tillikes med oss andre.

Knut Johan Mikkelsen - leiar

Kurt Grønli - kasserar

Aslaug Vårdal Igelkjøn – skriver

Torleif Håland -varamedlem


DRIFTSREKNESKAP	Regnskap 2024		Budsjett 2024	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	16 750,00		15 750,00	
Office - pakke	600,00		1 200,00	
Kaffepengar	15 680,00		11 250,00	
Kurstilskudd Studieforbund	18 681,00		30 000,00	
Medlemskontigent i Seniornett Norge	18 360,00		17 500,00	
Norsk Tippemidler - grasrotandel	6 055,26		6 000,00	
Momskompensasjon	8 232,00		6 000,00	
Renter	2 577,00		2 000,00	
Godtgjørelse til instruktører for utlegg		40 000,00		40 000,00
Servering		55 953,55		27 000,00
Ekstern kurs		0,00		4 000,00
Løn		0,00		2 000,00
Godtgjørelse til tillitsvalde		2 000,00		2 000,00
Reiseutgifter		0,00		6 000,00
Andre utgifter		6 041,10		8 400,00
Finanskostnader (bankgebyr)		70,50		300,00
Resultat				
Sum	86 935,26	104 065,15	89 700,00	89 700,00

RESULTATKONTO

Sum inntekter	86 935,26	
Sum utgifter		104 065,15
Fordringer 31.12.2024	0,00	
Gjeld 31.12.2024	0,00	0,00
Resultat (overskot) 2024		-17 129,89
Sum	86 935,26	86 935,26

BALANSEKONTO per 31.12.2024

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Sparekonto	0,00	
Bankinnskott 01.01.24	205 023,63	
Overskot 2024	-17 129,89	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar B		0,00
Kapitalkonto		102 456,00
Brukskonto		85 437,34
Sum	187 893,74	187 893,34



leiar



kasserar

Godkjent revisor
30/12/2024
K. H. H. H.